



Undarheim og Myrane barnehagar på Husnes har i mange år hatt tradisjon for å besøka skulemuseet i Uskedalen med dei største borna sine. Det blir som ei avslutning før dei tar til på skulen og dei sviktar ikkje i år heller. Difor søkjer dei kulturskulen om stønad til busstransporten tur/retur i to dagar.

Verksemdsleiar Lars Magnar Kaldestad formulerar seg slik:
- Me synest det blir ei flott ramme rundt denne hendinga og gjev borna litt innblikk i korleis det var i tidlegare skuletider.

Biletet over: Myrane-borna i fjor, det var besøk nummer 6

Tekst og Foto: Ola Matti Mathisen